

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 03.12.2014
Vår ref.: 201406505-2
Arkiv: 323
Dykkar dato: 19.11.2014
Dykkar ref.: 14/1889

Sakshandsamar:
Toralf Otnes

Fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel - Utviding av akvakulturanlegg i Storskredbukt - Lindås kommune

Vi syner til brev datert 19.11.2014. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for utviding av akvakulturanlegg i Storskredbukt.

Lindås kommune ber særskilt om ei tilbakemelding på eventuell skredfare i området. I følge ortofoto ligg eksisterande anlegg utanfor aktsemdområde for skred. Dersom anlegget vert utvida ut mot fjorden har ikkje NVE opplysningar som tilseier at anlegget skal kunne vere utsett for steinsprang, snø-, jord- og flaumskred.

Vi er tidlegare bedne om å vurdere faren for fjellskred i området. NVE peikar ut eventuelle fjellskredobjekt som det skal takast omsyn til i arealplanlegginga. Slik status er ikkje gjeve ved det omsøkte anlegget.

Med helsing

Bright Samdal
regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.